



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

ENDELEG TILSYNSRAPPORT

Skulen sitt arbeid
med elevane sitt utbytte av opplæringa
og skulebasert vurdering

Finnøy kommune
Finnøy sentralskule

04.07.2018

Samandrag

Fylkesmannen har gjennomført tilsyn med Finnøy kommune. Dette er eit felles nasjonalt tilsyn som er blitt gjennomført i heile landet i frå 2014.

Det er skuleeigar som har det overordna ansvaret for at krava i opplæringslova blir haldne, jf. opplæringslova § 13-10 første ledd. Skuleeigar er derfor adressat for denne førebelse tilsynsrapporten.

Tema og føremål

Områda for dette tilsynet handlar om skulen sitt arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa og skulebasert vurdering. Våre undersøkingar er gjennomført på skulenivå ved Finnøy sentralskule. Denne tilsynsrapporten gjeld både barne- og ungdomssteget på Finnøy sentralskule.

Regelverksbrot

Tilsynet har avdekka brot på regelverket knytt til opplæringa i fag og undervegsvurdering for å auke eleven sitt læringsutbytte. Det er også avdekka brot på reglane for korleis skulen driv kvalitetsutvikling. Vi fann at det er manglar i styringa frå leiarnivå på skulen. Dette fører til at elevane på Finnøy sentralskule ikkje alltid blir gjort kjent med kompetansemåla for opplæringa, og kva læraren legg vekt på i vurderinga av deira kompetanse. Lærarane gir heller ikkje tilbakemeldingar på kva elevane meistrar i faga, dei får ikkje rettleiing i kva dei må gjere for å auke kompetansen sin og blir ikkje involvert i vurderinga av eige læringsarbeid. Minoritetsspråklege elevar som har rett til særskilt språkopplæring, får ikkje alltid det tilbodet dei har rett på i høve til behovet deira.

Fylkesmannen si vurdering av kommentarar frå kommunen til førebels tilsynsrapport

Førebels rapport frå tilsynet ble presentert for kommunen og tilsette ved skulen 04.06.2018, og kommunen hadde frist til 18.06.2018 med å kommentere førebels rapport. Fylkesmannen har fått inn ein god del kommentarar og dokumentasjon frå kommunen på pålegga som blei varsla. Då kommentarane er så vidt omfattande, har vi valt å vurdere og kommentere dei som eigne underkapittel i rapportteksten. Som utdjupa i under rapporten, har ikkje ny dokumentasjon ført til at vi har fjerna pålegg eller korreksjonspunkt.

Status på rapporten og vegen vidare

I denne endelege tilsynsrapporten får Finnøy kommune frist til **30.11.2018** å rette brot på regelverket før vi eventuelt vedtek pålegg om retting.

Innhald

1	Innleiing.....	4
1.1	Om gjennomføringa av tilsynet.....	4
1.2	Om tilsynsrapporten	5
Del 1: Skulen sitt arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa		6
2.	Skulen sitt arbeid med opplæringa i fag.....	6
2.1	Rettslege krav	6
2.2	Våre undersøkingar	7
2.3	Våre vurderingar og konklusjonar.....	7
	Vår konklusjon	9
3.	Undervegsvurdering for å auke eleven sitt læringsutbytte	10
3.1	Rettslege krav	10
3.2	Våre observasjonar	11
3.3	Våre vurderingar og konklusjonar.....	11
	Vår konklusjon	12
4.	Undervegsvurdering som grunnlag for tilpassa opplæring og spesialundervisning	12
4.1	Rettslege krav	12
4.2	Våre observasjonar	13
4.3	Våre vurderingar og konklusjonar.....	13
4.3	Fylkesmannen si vurdering av kommentarar frå Finnøy kommune	14
	Vår konklusjon	15
5.	Vurdering av behov for særskilt språkopplæring	15
5.1	Rettslege krav	15
5.2	Våre observasjonar	16
5.3	Våre vurderingar og konklusjonar.....	16
5.4	Fylkesmannen si vurdering av kommentarar frå Finnøy kommune	16
	Vår konklusjon	16
Del 2		17
6	Skulebasert vurdering.....	17
6.1	Rettslege krav	17
6.2	Våre observasjonar	18
6.3	Våre vurderingar og konklusjonar.....	18
6.4	Fylkesmannen si vurdering av kommentarar frå Finnøy kommune	21
8.	Frist for retting av brot på regelverket.....	23

Del 1 – skolen sitt arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa	24
Del 2 – skulebasert vurdering	26
Vedlegg: Liste over dokumentasjon	27

1 Innleiing

Fylkesmannen fører tilsyn med offentlege skular, jf. opplæringslova § 14-1 første ledd, jf. kommunelova kapittel 10 A.

I tilsyn kontrollerer vi om skulane oppfyller opplæringslova med forskrifter. Dersom Finnøy kommune og Finnøy sentralskule ikkje følgjer regelverket, kan vi påleggje retting etter at kommunen har fått ein frist for å rette.

Det er kommunen som har det overordna ansvaret for at krava i opplæringslova blir gjennomførte, jf. opplæringslova § 13-10 første ledd. Vi gir derfor pålegg i tilsynet til kommunen som har ansvaret for at skulen rettar opp brot på regelverket.

Våre tilsyn er offentlig myndigheitsutøving, noko som inneber at vi skal gjennomføre tilsynet i samsvar med reglane i forvaltningsretten og offentleglova.

1.1 Om gjennomføringa av tilsynet

Vi opna tilsyn med Finnøy kommune i brev datert 12.01.2018. De blei bedne om å levere relevant dokumentasjon til oss, slik at vi kunne gjennomføre tilsynet.

Tilsynet har hatt fokus på to område:

1. Elevane sitt utbytte av opplæringa
2. Skulebasert vurdering

Del 1: Temaet for den første delen av tilsynet var retta mot kjerneverksemda i skulen: skulen sitt arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa.

Vi har kontrollert følgjande hovudpunkt:

1. Skulen sitt arbeid med opplæring i fag
2. Undervegsvurdering for å auke eleven sitt utbytte av opplæringa
3. Undervegsvurdering som grunnlag for tilpassa opplæring og spesialundervisning
4. Vurdering av behov for særskilt språkopplæring

Tilsynet skal bidra til at skuleeigar som ansvarleg sørgjer for at elevane:

- får kjennskap til og opplæring i måla som gjeld for opplæringa
- får tilbakemeldingar og blir involvert i eige læringsarbeid for å auke eige utbytte av opplæringa
- får vurdert kontinuerleg kva utbytte dei har av opplæringa

- blir følgt opp og får nødvendig tilrettelegging når utbytte av opplæringa ikkje er tilfredsstillande

Det overordna føremålet med tilsynet er å bidra til at alle elevar får eit godt utbytte av opplæringa. Vi har ikkje sett på korleis de oppfyller andre krav i regelverket.

Del 2: Det andre området i tilsynet handlar om skulebasert vurdering.

Skulebasert vurdering er skulen si jamlege vurdering av i kva grad eiga verksemd medverkar til å nå måla i Læreplanverket for Kunnskapsløftet. Dette betyr at skulen skal vurdere organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa. Det overordna føremålet med tilsynet er at skulebasert vurdering på denne måten medverkar til at elevane får eit godt utbytte av opplæringa.

Tilsynet skal bidra til at kommunen som skuleeigar sørgjer for at skulen ved skulebasert vurdering

- vel tema basert på ei brei og samla vurdering av om elevane når måla i læreplanverket
- vurderer og følgjer opp ulike endringar som kan bidra til auka måloppnåing
- sikrar brei medverknad i gjennomføringa
- gjennomfører vurderinga jamleg

Manglande eller mangelfull gjennomføring av skulebasert vurdering kan føre til at skulen ikkje forbetrar organiseringa, tilrettelegginga eller gjennomføringa av opplæringa for å auke elevane sitt utbytte av opplæringa.

1.2 Om tilsynsrapporten

Våre vurderingar baserer seg i hovudsak på opplysningar som kjem fram i:

- dokumentasjonen de har sendt inn (sjå oversikt i vedlegg)
- informasjonen frå våre eigne system og offentlege register
- informasjonen på skulens nettstad
- intervju med elevar, lærarar ved skulen og rektor
- Dokumentasjon sendt inn etter framlegg av førebels rapport

Del 1: Skulen sitt arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa

2. Skulen sitt arbeid med opplæringa i fag

2.1 Rettslege krav

Nedanfor har vi oppgitt dei rettslege krava for tilsynet med skulen sitt arbeid med opplæringa i fag. Vi viser også til kva reglar i opplæringslova og forskrift til opplæringslova krava er knytte til.

Rektor skal sikre at innhaldet i opplæringa er knytt til kompetansemål i faget

Undervisningspersonalet skal leggje til rette og gjennomføre opplæringa etter Læreplanverket for Kunnskapsløftet (LK06), jf. opplæringslova § 2-3 og forskrift til opplæringslova § 1-1. Det betyr at opplæringa skal ha eit innhald som byggjer på kompetansemåla i læreplanen og bidrar til at desse blir nådd. Rektor må organisere skulen slik at dette blir ivaretatt, jf. opplæringslova § 2-3.

Rektor skal sikre at undervisningspersonalet ivaretar eleven sin rett til å kjenne til mål for opplæringa og kva som blir vektlagt i vurdering av eleven sin kompetanse.

Undervegsvurdering skal brukast som ein reiskap i læreprosessen og bidra til å forbetre opplæringa, jf. forskrift til opplæringslova § 3-11. Eleven skal kjenne til kva som er måla for opplæringa og kva som blir vektlagt i vurdering av hans eller hennar kompetanse, jf. forskrift til opplæringslova § 3-1. Det betyr at elevane må kjenne til kompetansemåla i læreplanane for faga, og at dei er grunnlaget for vurdering av eleven sin kompetanse. Dei skal også kjenne til kva læraren legg vekt på når læraren vurderer eit arbeid. Frå og med 8. trinn skal elevane kjenne til kva som skal til for å oppnå de ulike karakterane. Rektor må organisere skulen slik at det blir sikra at undervisningspersonalet formidlar dette til elevane.

Rektor skal sikre at opplæringa dekkjer alle kompetansemåla på hovedtrinnet / i faget og dei individuelle opplæringsmåla i IOP.

Undervisningspersonalet skal leggje til rette og gjennomføre opplæringa etter LK06, jf. opplæringslova § 2-3 og forskrift til opplæringslova § 1-1. For faga i grunnskulen er kompetansemåla sett per hovedtrinn. I slike tilfelle må rektor sikre at elevane får opplæring i alle kompetansemåla i faget / på hovedtrinnet gjennom opplæringsløpet. Ein elev som får spesialundervisning, kan ha unntak frå kompetansemåla i dei ordinære læreplanane, jf. opplæringslova § 5-5. Gjeldande opplæringsmål for eleven skal komme fram av ein individuell opplæringsplan (IOP). Skulen må sikre at eleven si opplæring dekkjer dei individuelle opplæringsmåla.

Alle elever som har vedtak om spesialundervisning, skal ha IOP.

Skulen skal utarbeide ein individuell opplæringsplan (IOP) for alle elevar som får spesialundervisning, jf. opplæringslova § 5-5. Det må komme fram av IOP-en kva tidsintervall den gjeld for.

Innhaldet i IOP-en skal samsvare med enkeltvedtaket når det gjeld innhaldet i opplæringa og synleggjere eventuelle avvik frå LK06.

IOP-en skal vise mål for og innhaldet i opplæringa og korleis opplæringa skal gjennomførast, jf. opplæringslova § 5-5. Reglane for innhald i opplæringa gjeld så langt dei passar for spesialundervisninga. Det kan føre til at måla for opplæringa har avvik frå kompetansemåla i læreplanane i LK06.

Før skulen/skuleeigar gjer eit enkeltvedtak om spesialundervisning, skal PPT utarbeide ei sakkunnig vurdering. Den sakkunnige vurderinga skal gi tilråding om innhaldet i opplæringa, blant anna realistiske opplæringsmål for eleven og kva opplæring som gir eleven eit forsvarleg opplæringstilbod. Vedtaket om spesialundervisning skal byggje på den sakkunnige vurderinga, og eventuelle avvik frå sakkunnig vurdering må grunnleggjast. Vedtaket om spesialundervisning set fast rammene for opplæringa og dermed innhaldet i IOP-en. IOP-en kan først takast i bruk etter at det er fatta enkeltvedtaket om spesialundervisning.

IOP-en må ha eigne mål for opplæringa når eleven si opplæring avvik frå ordinære læreplanar, og skulen må ha ein innarbeida framgangsmåte for å sikre at IOP-en er samordna med den ordinære opplæringa etter klassen sine planar.

Reglane om innhald i opplæring etter kompetansemåla i læreplanane gjeld for spesialundervisning så langt dei passar, jf. § 5-5 i opplæringslova. Skulen skal leggje vekt på utviklingsmoglegheitene for eleven og dei opplæringsmåla som er realistiske innanfor det same totale undervisningstimetallet som for andre elevar, jf. opplæringslova § 5-1. Den individuelle opplæringsplanen skal vise måla for opplæringa, jf. opplæringslova § 5-5. Dersom vedtaket om spesialundervisning ikkje inneheld avvik frå LK06, eller berre angir færre kompetansemål i eit fag enn i den ordinære læreplanen, må dette også kome klart fram i IOP-en. Det må også kome klart fram i kva fag eller delar av fag eleven eventuelt skal følgje ordinær opplæring i klassen. Skulen må ha ein framgangsmåte som angir korleis spesialundervisninga og den ordinære opplæringa skal sjåast i samanheng. Framgangsmåten må vere kjent og innarbeida av dei som har ansvaret for å utvikle IOP-en og for å gjennomføre opplæringa.

2.2 Våre undersøkingar

Rektor, og faglærarar i norsk, samfunnsfag og naturfag, har fylt ut eigenvurderingsskjema (EVS), der dei grunnleggjast kvifor dei meiner at dei oppfyller, eventuelt ikkje oppfyller, krav til opplæring og elevvurdering gjennom vedlagt dokumentasjon. Desse, saman med plandokument, rutinar og annan dokumentasjon knytt til spesialundervisning, særskilt språkopplæring og intervju, dannar grunnlaget for våre vurderingar og konklusjonar.

2.3 Våre vurderingar og konklusjonar

Rektor uttalar i EVS at lærarane i 2017 blei presentert ein ny mal for fagplanar som dei skulle bruke i arbeidet med å revidere planane skulen hadde frå før. I dokumentet *Plan for bruk av bunden tid og planleggingsdagar våren 2018* går det mellom anna fram under veke 1, at det er eit mål at lærarane skal arbeide med å utarbeide og å revidere fagplanar. Det kjem fram i intervju at arbeid med lokale planar og utarbeiding av kjenneteikn på måloppnåing blei gjort i 2009 på skulen. Arbeid med lokale læreplanar vil bli omtalt meir i neste kapittel. Svar frå intervju og konkrete døme på slike planar, tilseier at det ikkje er ein rutine for rektor å kontrollere planane, om dei blir revidert eller å vurdere kvaliteten på dei lokale læreplanane. *Handlingsplan for Finnøy sentralskule* angjev *Vurdering for læring* som utviklingsområde 1.

Her blir innhaldet i dei ulike prinsippa for god vurderingspraksis skildra gjennom tema og delmål for lærarane sitt arbeid i utviklingstid og planleggingsdagar inneverande skuleår. På same måte gir *Plan for vurdering for læring* tydelege føringar for godt vurderingsarbeid i samsvar med lovkrava, og omtalar føremålet med ein slik vurderingspraksis. Vi kan likevel ikkje sjå frå intervju eller andre kjelder at desse planane er implementerte eller kjent i personalet, eller at rektor sikrar framdrift og innhald i arbeidet med implementering. Svar frå intervju tyder på at dette arbeidet blir gitt til dei ulike laga.

Av det som her er nemnt følgjer også at rektor ikkje sikrar at alle kompetansemåla, slik dei går fram i læreplanverket, blir dekt i løpet av eit hovudtrinn.

Det er vidare eit krav at rektor skal sikre at elevane blir gjort kjende med måla for opplæringa, og kva som er grunnlaget for å vurdere deira kompetanse i høve til måla. Skulen si leiing uttalar at det har vært fokus på dette i personalet, til dømes ved å vektlegge verba i kompetansemåla. Vi vil kommentere det skulen har skrive om vurderingskriterium og kjenneteikn på måloppnåing i *Plan for vurdering for læring*, under *definisjonar* på s.4 og s. 16, om *Blooms taksonomi*. Det er heilt rett at det nettopp er *verba i sjølve kompetansemålet* som gir føringar for korleis kunnskapsinnhaldet i målet skal kome til uttrykk hos eleven, og ikkje verba under Blooms ulike kunnskapstrinn. Dette tyder til dømes at for målet under hovudområdet *Fenomener og stoffer* i læreplan i naturfag, som seier at eleven skal: *forklare hvordan råolje og naturgass er blitt til*, så ligg lista for kva ein kan krevje for beste karakter i å *forklare*. Kva som skal bli forklart ligg i kunnskapsinnhaldet som går fram i resten av setninga. Forståinga for kva eit vurderingskriterium og kjenneteikn på måloppnåing, slik ho går fram av planen, inneber at denne ikkje vil gi lærarane riktig og naudsynt rettleiing i arbeidet med å utvikle gode vurderingsgrunnlag i faga.

Det tyder ikkje på at det er ei rutine for å kontrollere at mål og vurderingskriterium, eller kjenneteikn på måloppnåing, når ut til elevane. Hensikten med denne måten å gjennomføre vurderinga på, er at elevane skal vite sikkert kor dei skal, og kva som er viktig å ha fokus på i innlæringa. Annan dokumentasjon viser også at det i realiteten er varierende kva praksis den einskilde lærar har for kva som blir gjort kjent for elevane.

Finnøy sentralskule har sendt inn 3 elevsaker. Elevsakene inneheld sakkunnige vurderingar, vedtak, individuelle opplæringsplanar og årsrapportar. I tillegg er det sendt *Mål og tiltaksplan* for 2 elevar. Enkeltvedtak om spesialundervisning byggjer på sakkunnig vurdering frå PP-tenesta. 2 av vedtaka er i samsvar med sakkunnig vurdering, medan det er avvik i ein elevsak. Rektor har grunngitt avviket i vedtaket. Finnøy sentralskule har ikkje dokumentert at det er utarbeida ein rutine for elevar med rett til spesialundervisning eller arbeid med å utarbeide IOP. Det kjem likevel fram i intervju at leiinga på skulen les gjennom alle IOP-ane, skriv under på dei og kryssar av at det er gjort. Vi konkluderer med at det blir utarbeida IOP for alle elevar som har vedtak om spesialundervisning på Finnøy sentralskule.

Det er eit lovkrav at IOP-en skal ha eigne mål for opplæringa. Ingen av vedtaka vi har fått tilsendt fastsett at eleven skal ha avvik frå kompetansemåla i LK06, og elevane skal arbeide

etter mål frå sitt trinn i alle fag. I alle IOP-ane er det fastsett mål for opplæringa, men vi finn ikkje at måla er henta frå kompetansemåla for 7. trinn i Kunnskapsløftet. Opplæringsmåla er henta frå lågare trinn, eller det er laga egne mål ut frå eleven sine vanskar og behov. Vi peiker på at når elevane ikkje skal ha avvik i kompetansemåla, men har rett til spesialundervisning og særleg tilrettelegging for å kunne nå måla for sitt trinn, er det tilrettelegginga av opplæringa som er det sentrale og som skal skildrast i eleven sin IOP. Fylkesmannen finn derfor at skulen ikkje sikrar at innhaldet i IOP er i samsvar med enkeltvedtaket når det gjeld innhaldet i opplæringa.

Det er eit rettsleg krav at skulen skal ha ein innarbeida framgangsmåte som sikrar at IOP er samordna med planane for den ordinære opplæringa i klassen. Som vi tidlegare har nemnt, har vi ikkje fått tilsendt ein skriftleg rutine for elevar med spesialundervisning eller utarbeiding av IOP. I *Plan for bruk av fellestid* for våren 2018, står det under punkt 3 at lærarane m.a. skal arbeide med å *utarbeide/revidere* IOP. Det kjem fram i EVS og intervju at det er eit nært samarbeid mellom lærarane på trinnet, og at det er desse som i hovudsak deler på ansvaret og gir spesialundervisninga i klassen. I tillegg blir IOP-ane drøfta på trinnmøte og det blir sett av tid på planleggingsdagen i august slik at lærarar og assistentar kan gjere seg kjende med elevane sine IOP-ar. Fylkesmannen sin konklusjon er at det nære samarbeidet mellom lærarane på trinnet vil kunne sikre at Finnøy sentralskule har ein innarbeida framgangsmåte som sørger for at IOP er samordna med planane for den ordinære opplæringa i klassen. Vi vil likevel kommentere at ein skriftleg rutine for alt arbeidet knytt til elevar med spesialundervisning, er eit godt og person-uavhengig verktøy for å sikre god kvalitet i opplæringa og i dei individuelle opplæringsplanane.

Vår konklusjon

Rektor sikrar

- ikkje at undervisningspersonalet knyter opplæringa sitt innhald til kompetansemål i det enkelte faget
- ikkje at undervisningspersonalet tar vare på eleven sin rett til å kjenne til mål for opplæringa
- ikkje elevane sin rett til å bli gjort kjent med kva det blir lagt vekt på i vurdering av deira kompetanse
- ikkje at opplæringa samla dekker alle kompetansemåla på hovudtrinnet i faget og dei individuelle opplæringsmåla i IOP

Finnøy sentralskule

- utarbeidar kvart år IOP for alle elevar som har vedtak om spesialundervisning
- sikrar ikkje at det er samsvar mellom omfanget og innhaldet av spesialundervisninga i vedtaka og dei individuelle opplæringsplanane
- har ein innarbeida framgangsmåte for å sikre at IOP-en er samordna med planane i den ordinære opplæringa

3. Undervegsvurdering for å auke eleven sitt læringsutbytte

3.1 Rettslege krav

Nedanfor har vi oppgitt dei rettslege krava for tilsynet med skulen sitt arbeid med undervegsvurdering for å auke eleven sitt læringsutbytte av opplæringa. Vi viser også til kva reglar i opplæringslova og/eller i forskrift til opplæringslova krava er knytte til.

Elevane skal få rettleiing i kva kompetansemål frå LK06 eller mål i IOP-en som opplæringa er knytt til.

Elevane skal gjerast kjende med måla for opplæringa, jf. forskrift til opplæringslova § 3-1. Dette gjeld for alle årstrinn og gjeld også for elevar med individuelle mål i ein IOP. Elevane skal gjerast i stand til å forstå kva dei skal lære og kva som er føremålet med opplæringa. Lærarane gjennomfører opplæringa og må kommunisere dette til elevane.

Elevane skal få rettleiing i kva det blir lagt vekt på i vurderinga i faget.

Eleven skal kjenne til kva som blir vektlagt i vurderinga av hans eller hennar kompetanse, jf. forskrift til opplæringslova § 3-1. Det betyr at elevane skal kjenne til kva som kjenneteiknar ulik grad av kompetanse og kva det blir lagt vekt på i vurderinga av ein prestasjon. Kravet til at det skal vere kjent for eleven, inneber at lærarane må kommunisere grunnlaget for vurderinga til elevane. Det er ikkje tilstrekkeleg at informasjonen ligg på Internett eller kan fåast ved å spørje læraren.

Elevane skal få tilbakemeldingar på kva dei meistrar, og rettleiing i kva dei må gjere for å auke kompetanse sin.

Vurderinga undervegs i opplæringa skal gi god tilbakemelding og rettleiing til eleven og vere eit reiskap i læreprosessen, jf. forskrift til opplæringslova §§ 3-2 og 3-11. Undervegsvurdering skal bidra til at eleven aukar kompetansen sin i fag, jf. forskrifta § 3-11. Undervegsvurderinga skal gis løpande og systematisk, den kan både vere skriftleg og munnleg, skal innehalde grunnleggjande informasjon om kompetansen til eleven og skal gis med sikte på fagleg utvikling.

Elevane skal involverast i vurderinga av eige læringsarbeid.

Elevane skal delta aktivt i vurderinga av eige arbeid, eigen kompetanse og eigen fagleg utvikling, jf. forskrift til opplæringslova § 3-12. Lærarane må sørge for at elevane blir involvert i dette. Elevane si eigenvurdering skal vere ein del av undervegsvurderinga.

Elevane skal frå og med 8. årstrinn få halvårsvurdering midt i opplæringsperioden i alle fag og på slutten av opplæringsåret i fag som ikkje er avslutta. Skulen må ha ein innarbeida framgangsmåte som sikrar at lærarane i halvårsvurderinga gir informasjon om elevane sin kompetanse i faga og rettleiing om korleis elevane kan auke kompetansen sin.

Halvårsvurdering i fag er ein del av undervegsvurderinga og skal uttrykkje kompetansen til eleven knytt til kompetansemåla i læreplanverket, jf. forskrift til opplæringslova § 3-13.

Halvårsvurdering skal også gi rettleiing i korleis eleven kan auke kompetansen sin i faget.

Halvårsvurdering utan karakter skal elevane få gjennom heile grunnopplæringa. Dette gjeld alle elevar uavhengig av vedtak og type opplæring. Vurderinga kan vere både skriftleg og munnleg.

Frå og med 8. årstrinn skal halvårsvurdering både med og utan karakter gjennomførast midt i opplæringsperioden og på slutten av opplæringsåret dersom faget ikkje blir avslutta.

Halvårsvurderinga med og utan karakter viser då den same kompetansen.

Skulen må gjennomføre halvårsvurderingar på rett tidspunkt og ha ein innarbeida framgangsmåte som er i samsvar med forskrifta.

Skulen må ha en innarbeida framgangsmåte som sikrar at årsrapporten inneheld ei vurdering av eleven si utvikling ut frå måla i IOP-en.

For elevar med spesialundervisning skal skulen, i tillegg til halvårsvurdering med og utan karakter, ein gong i året utarbeide ein skriftleg rapport. Rapporten skal blant anna gi vurdering av eleven si utvikling i forhold til måla i IOP, jf. opplæringslova § 5-5.

Skulen må ha en innarbeida framgangsmåte som sikrar at årsrapportar har eit innhald som er i samsvar med forskrifta.

3.2 Våre observasjonar

Funn, slik dei blir omtalt i neste avsnitt, byggjer på dokumentasjon som nemnt under 2.2

3.3 Våre vurderingar og konklusjonar

Vi har fått tilsendt nokre døme på lokale læreplanar i fag som viser oversikt over kompetansemåla, konkretisert i gode og relevante læringsmål. Vi har også fått døme på kjenneteikn på måloppnåing til nokre undervisningstema, kor kompetansemåla kjem klart fram. Utdringa er at praksis ser ut til å variere ganske mykje. I nokre fag blir bevisstheita om kompetansemåla si rolle uklar. Anten fordi læreboka blir for styrande, eller fordi måla ikkje blir presentert for elevane slik dei er, men brote ned til noko som ikkje fangar den kompetansen som kompetansemålet spør etter. Det er også fleire døme på at dei lokale læreplanane er basert på læreplanar gjeldande før læreplanrevisjonen haust 2013. Som nemnt er læringsmåla si relevans og samanheng med kompetansemål veldig klar og god i nokre av dei lokale læreplanane, saman med undervisningstema som er godt eigna til å fremje den kompetansen som måla krev. Kjenneteikna, som i nokre høve blir utarbeida og gjort kjent for elevane, har god kvalitet, og held seg i rimeleg grad til dei rammene som måla set.

Fylkesmannen er gjort kjent med at det ikkje er hovudregelen at det blir utvikla vurderingskriterium, eller at dei blir gjort kjent for elevane. Det synes også som at *kva* det er elevane får som tilbakemeldingar på eigen kompetanse, i ulik grad kan knyttast til kompetansemåla.

Det som her er nemnt, gjer at retten elevane har til å vere kjende med mål for opplæringa, vurderingsgrunnlaget eller å få rettleiing i kva dei må gjere for å auke kompetansen sin, ikkje kan sjåast som oppfylt.

Elevane skal vurdere sin eigen kompetanse. Dei skal vurdere denne på same grunnlag som læraren, etter kompetansemåla. Når det varierer i kva grad lærarane sin vurdering er knytt til måla, så vil det same vere tilfellet for elevane. Dermed er ikkje kravet som ligg i at dei skal involverast i vurderinga av eige læringsarbeid, innfridd. Elevane seier at dei er svært nøgd dei gongene dei får vite om kjenneteikn på måloppnåing i introduksjonen av eit tema, og at det hjelper dei i læringsarbeidet.

Skjema for foreldre- og elevsamtalar ligg som vedlegg til *Plan for vurdering for læring*, og det står også oppført i årshjulet at dette skal nyttast i desse samtalanene. Intervju viser at elevane får tilbakemelding midt i opplæringsperioden frå og med 8.årstrinn. Vi er likevel usikre på kva konkret som ligg i denne tilbakemeldinga, jf. det som er skrive over. Kravet til at lærarane i halvårsvurderinga gir informasjon om elevane sin kompetanse (i høve til kompetansemål), og rettleiing om korleis dei kan auke denne, ser vi derfor ikkje som innfridd.

Årsrapport som er sendt inn er utarbeida i ein mal der *Eleven sin oppnådde kompetanse* skal evaluerast. Årsrapporten skal også sikre eleven får vurdering på bakgrunn av måla i IOP. Det kjem fram av årsrapportane at dei er utarbeida av kontaktlærar og ansvarleg for spesialundervisning i slutten av skuleåret, før dei blir godkjent og underskrive av rektor. Formuleringane i årsrapporten viser ikkje konkret kva mål eleven har nådd i IOP-en, men er i større grad knytte til kva eleven har jobba med og korleis det går. I tillegg viser vi til det som står om mål i IOP-ane under punkt 2.3. Vår konklusjon er at skulen ikkje har ein innarbeida framgangsmåte som sikrar at årsrapportane har eit innhald som er i samsvar med lov og forskrift.

Vår konklusjon

- lærarane rettleier ikkje elevane i kva kompetansemål frå LK06, eller kva mål i IOP opplæringa er knytt til
- lærarane rettleier ikkje alltid elevane i kva det blir lagt vekt på i faga
- lærarane gir ikkje elevane tilbakemeldingar på kva de meistrar i faga
- lærarane rettleier ikkje elevane i kva dei må gjere for å auke kompetansen sin i faga
- lærarane sørgjer ikkje alltid for å involvere elevane i eige vurderingsarbeid
- skulen har en innarbeidd framgangsmåte, men sikrar ikkje at lærarane i halvårsvurderinga gir informasjon om elevane sin kompetanse i faga, og rettleiing i korleis elevane kan auke kompetansen sin
- skulen har ikkje ein innarbeida framgangsmåte som sikrar at årsrapportar inneheld ei vurdering av eleven si utvikling ut frå måla i IOP

4. Undervegs vurdering som grunnlag for tilpassa opplæring og spesialundervisning

4.1 Rettslege krav

Nedanfor har vi oppgitt dei rettslege krava for tilsynet med skulen sitt arbeid med undervegs vurdering som grunnlag for tilpassa opplæring og spesialundervisning. Vi viser også til dei reglane i opplæringslova og i forskrift til opplæringslova krava er knytte til.

Skulen må ha en innarbeida framgangsmåte som sikrar at lærarane systematisk og løpande vurderer om alle elever har tilfredsstillande utbytte av opplæringa.

Læraren skal, som ein del av underevgsvurderinga, vurdere om den ein skilde eleven har tilfredsstillande utbytte av opplæringa, jf. forskrift til opplæringslova § 3-11. Skulen må ha ein kjent og innarbeida framgangsmåte slik at lærarane vurderer systematisk og løpande om elevane har tilfredsstillande utbytte av opplæringa.

Skulen må ha ein innarbeida framgangsmåte som sikrar at arbeidsmåtar, vurderingspraksis og læringsmiljø blir vurdert for elevar som ikkje har tilfredsstillande utbytte av opplæringa, og basert på vurderinga må skulen eventuelt gjennomføre tiltak innanfor tilpassa opplæring. Alle elevar har krav på tilpassa opplæring, jf. opplæringslova § 1-3. Dersom ein elev ikkje har tilfredsstillande utbytte av opplæringa, skal skulen først vurdere og eventuelt prøve ut tiltak innanfor det ordinære opplæringstilbodet, jf. opplæringslova § 5-4. Skulen må sjå på om tiltak knytt til arbeidsmåtar, vurderingspraksis og arbeidsmiljø kan bidra til at eleven får tilfredsstillande utbytte av opplæringa. Framgangsmåten for dette må være kjent og innarbeida. Dette skal skulen gjere før eleven eventuelt blir tilvist til PPT for ein sakkunnig vurdering med tanke på spesialundervisning.

Skulen må ha ein innarbeida framgangsmåte for å vurdere om elevane har behov for spesialundervisning og sikre at lærarane melder behov for spesialundervisning til rektor.

I nokre tilfelle vil skulen si vurdering og utprøving av tiltak etter opplæringslova § 5-4 konkludere med at eleven ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av opplæringa innanfor det ordinære opplæringstilbodet. Eleven har då krav på spesialundervisning, jf. opplæringslova § 5-1. Det er viktig at prosessen for å kunne gi spesialundervisning blir starta så snart som mogleg etter at behovet for dette er avdekket. Undervisningspersonalet har derfor både plikt til å vurdere om ein elev treng spesialundervisning og å melde frå til rektor når det er behov for det, jf. opplæringslova § 5-4. Skulen må ha ein framgangsmåte som er kjent og innarbeida blant lærarane slik at dei vurderer og melder behov for spesialundervisning.

4.2 Våre observasjonar

Svar på spørsmåla knytte til dette hovudområdet er henta frå innsendt dokumentasjon, EVS og intervju. Sjå punkt 2.2.

4.3 Våre vurderingar og konklusjonar

Det sentrale her er om skulen har eit forsvarleg grunnlag for å vurdere om alle elevane har eit tilfredsstillande utbytte av opplæringa. Skulen har lagt fram *Plan for kartlegging og oppfølging v/Finnøy semtralskule* som skildrar ulike kartleggingsprøvar som skal gjennomførast årleg frå 1. til 10 klasse. Føremålet med kartlegginga er å vurdere elevane sitt utbytte av opplæringa og *avdekke om deira kompetanse er som forventa gjennom opplæringa etter kompetansemåla og overordna plan i LK06*. Planen viser namn/fag på kartleggingsprøvar og kva tid dei skal gjennomførast på dei ulike trinna. Kartleggingsprøvene gjeld for lesing/skriving, engelsk, rekning og læringsmiljøet. I tillegg er det sett opp forslag til kartleggingsverktøy som kan nyttast ved behov. Skulen bruker også SOL (Systematisk

Observasjon av Lesing) som årleg blir gjennomført på alle trinn i desember og mai. Etter at «solinga» er gjennomført skal resultatata drøftast på trinnmøte og på bakgrunn av desse skal det lagast ein mål og tiltaksplan. Det kjem fram av planen at resultat frå kartleggingane skal sendast til administrasjonen på skulen og drøftast på trinnmøte der inspektør/spesialpedagogisk ansvarleg deltek, 2-3 gonger pr. halvår. Det blir stadfesta i intervju at lærarane kjenner til og gjennomfører kartleggingsprøvene. Vår konklusjon er at skulen har ein innarbeida framgangsmåte som sikrar at lærarane systematisk og løpande vurderer om alle elevar har tilfredsstillande utbytte av opplæringa.

Det er eit lovkrav at lærarane skal vurdere eigne arbeidsmåtar, vurderingspraksis og læringsmiljøet i klassen før ein tilmelder ein elev til PPT. På bakgrunn av vurderingane skal skulen og læraren setje i verk tiltak innanfor den ordinære opplæringa/tilpassa opplæring for å sjå om det kan hjelpe på eleven sine vanskar. *Plan for kartlegging og oppfølging* inneheld også ei *Tiltakstrapp* som skildrar prosessen frå læraren avdekkjer at ein elev ikkje har tilfredsstillande utbytte av opplæringa, til tilmelding til PPT. Tiltakstrappa skildrar kva tiltak som skal setjast i verk i på dei ulike trinna i prosessen. Her kjem det fram at lærarane skal vurdere eigne arbeidsmåtar, vurderingspraksis og læringsmiljøet som eit av trinna i tiltakstrappa (trinn 3). Foreldra skal informerast på første trinn og lærarane skal ta opp bekymringa med leiinga på trinn 2. Iverksette tiltak skal vurderast undervegs i prosessen og det skal vurderast om det er behov for å lage ein *Mål og tiltaksplan* for eleven på fleire av trinna i tiltakstrappa.

Det er også ein sentral del av lovkravet i opplæringslova § 5-4 at framgangsmåten skal vere kjent og innarbeidd blant lærarane på skulen. I intervju blir det formidla at ein er usikker på om alle lærarane gjer det same på alle trinn dersom ein avdekkjer at ein elev treng hjelp. Vår konklusjon er derfor at *Plan for kartlegging og oppfølging* er eigna til å sikre at krava i opplæringslova § 5-4 blir oppfylte, men at *Tiltakstrappa* i planen ikkje er tilstrekkeleg kjent og innarbeidd. Vår konklusjon er at skulen ikkje fullt ut sikrar at arbeidsmåtar, vurderingspraksis og læringsmiljø blir vurdert for elevar som ikkje har tilfredsstillande utbytte av opplæringa, og at skulen gjennomfører tiltak innanfor tilpassa opplæring.

Det kjem fram av dokumentasjon og planar som er tilsendt i tilsynet at læraren tidleg skal melde ifrå til leiinga når det blir avdekka at ein elev ikkje har tilfredsstillande utbytte av opplæringa. Denne praksisen blir stadfesta i intervju. Finnøy sentralskule har, etter vår vurdering, ein innarbeida framgangsmåte som sikrar at lærarane melder behov for spesialundervisning til rektor.

4.3 Fylkesmannen si vurdering av kommentarar frå Finnøy kommune

I kommunen sine merknader til førebels tilsynsrapport blir det vist til at *leiinga har møter med kvart trinn 2-3 gonger i halvåret for å drøfta resultat av kartleggingar og tiltak vidare, ev nye tiltak*. Kommunen skriv vidare at *det ligg i sakens natur* at ein her vurderer tiltak som er knytte til arbeidsmåtar, vurderingspraksis og læringsmiljø. Kommunen meiner at dei har ein innarbeidd praksis på dette området. Fylkesmannen viser til at planen også må vere kjent og bli brukt av lærarane på skolen. Intervju viser at *Tiltakstrappa* ikkje er tilstrekkeleg kjent

blant lærarane. Etter vår vurdering er det ikkje tilstrekkeleg at leiinga på skolen kjenner til og bruker rutinen. Skolen må sikre at framgangsmåten regelmessig blir drøfta og gjennomgått med lærarane, slik at alle kjenner til og bruker den. Lovkravet er derfor ikkje innfridd.

Vår konklusjon

Finnøy sentralskule

- har ein innarbeida framgangsmåte som sikrar at lærarane systematisk og løpande vurderer om alle elevar har tilfredsstillande utbytte av opplæringa.
- har ikkje ein innarbeida framgangsmåte som sikrar at arbeidsmåtar, vurderingspraksis og læringsmiljø blir vurdert for elevar som ikkje har tilfredsstillande utbytte av opplæringa, og gjennomfører tiltak innanfor tilpassa opplæring på bakgrunn av denne vurderinga.
- har ein innarbeida framgangsmåte som sikrar at lærarane melder frå om behov for spesialundervisning til rektor.

5. Vurdering av behov for særskilt språkopplæring

5.1 Rettslege krav

Nedanfor har vi oppgitt dei rettslege krava for tilsynet med skulen sitt arbeid med å vurdere behov for særskilt språkopplæring. Vi viser også til reglane i opplæringslova og i forskrift til opplæringslova krava er knytte til.

Skulen må ha ein innarbeida framgangsmåte for å kartleggje elevane sine ferdigheiter i norsk. For elevar med behov for særskilt norskopplæring må ein innarbeida framgangsmåte sikre at det blir vurdert om eleven også har behov for morsmålsopplæring og tospråkleg fagopplæring.

Elevar i grunnopplæringa med anna morsmål enn norsk og samisk, har rett til særskilt norskopplæring til dei har tilstrekkelege ferdigheiter i norsk til å følge den ordinære opplæringa på skulen, jf. opplæringslova § 2-8. Om nødvendig har elevane også rett til morsmålsopplæring, tospråkleg fagopplæring eller begge delar. Skuleeigar har ansvaret for at kartlegginga av elevane sine norskferdigheiter blir gjort før vedtaket om særskilt språkopplæring. I dei fleste tilfelle er det skulen som gjennomfører kartlegginga. Skulen må også vurdere om eleven eventuelt har behov for morsmålsopplæring, tospråkleg fagopplæring eller begge delar. Skulen må ha ein kjent og innarbeida framgangsmåte som sikrar dette.

Elevar med vedtak om særskilt språkopplæring skal få kartlagt sine norskferdigheiter undervegs i opplæringa.

Skulen skal også kartleggje eleven undervegs i opplæringa når eleven får særskilt språkopplæring, jf. opplæringslova § 2-8. Dette for å vurdere om eleven har tilstrekkelege ferdigheiter i norsk til å følge den vanlege opplæringa på skulen. Skulen må gjere ei individuell vurdering av tidspunktet for dette.

5.2 Våre observasjonar

Vår vurdering og konklusjon er basert på innsendte rutinar og to døme på enkeltvedtak om særskilt språkopplæring.

5.3 Våre vurderingar og konklusjonar

Skulen har dokumentert *Rutinar for mottak av framandspråklege elevar*. Det går ikkje i dette dokumentet fram at elevane skal kartleggjast, at ein skal vurdere eventuelle behov for tospråkleg fagopplæring eller morsmålsopplæring. Slik det går fram av nemnte rutine, får alle nykomne elevar 10 timar særskilt norskopplæring i 4-5 månader, og deretter 5 timar eller færre. Vi må forstå det slik at dette er tilbodet skulen gir, uavhengig av resultat frå kartlegging eller behovet eleven har. Skulen har også sendt inn skjemaet *Kartleggingsrapport*, men vi ser ikkje noko døme på at resultat frå ein slik rapport påverkar tilbodet som blir gitt av særskilt språkopplæring. Dette som her er nemnt, tilseier at eventuelle kartleggingar undervegs ikkje vil påverke tilbodet, og dermed ikkje ta i vare sjølve hensikta med kartlegginga. Vi ser ikkje at det blir vurdert om elevar har behov for tospråkleg fagopplæring eller morsmålsopplæring, eller at det blir gitt tilbod om slik opplæring.

5.4 Fylkesmannen si vurdering av kommentarar frå Finnøy kommune

I kommentarane frå kommune går det fram at vi var usikre på om *vurdering av behov for særskilt språkopplæring*. Fylkesmannen vil peike på at både lærarane og rektor ved skulen svarte på spørsmål knytt til dette tema i Refleks, og rektor la ved dokumentasjon på skulen sine rutinar. Dokumentasjonen som no er lagt fram om at skulen nyttar Udir sitt verktøy for kartlegging av kompetanse i norsk og også verktøy utvikla i Trondheim kommune, er nytt for oss. Vi kan ikkje sjå av enkeltvedtaka om særskilt språkopplæring at resultat frå kartlegging er kommentert eller har danna grunnlag for tildelinga av timar. Dei to elevane vi har fått vedtaka på, fekk 5 timar særskilt norskopplæring i veka som heilt nykomne i skuleåret 2016/2017. Dette tilseier at omfang av timar og nivå i norsk ikkje har ein samanheng, slik dei skal etter loven. Det blir heller ikkje vurdert behov for tospråkleg fagopplæring eller morsmålsopplæring.

Vår konklusjon

Finnøy sentralskule

- har ikkje ein innarbeidd framgangsmåte for å kartleggje elevane sine ferdigheiter i norsk
- sikrar ikkje at det for elevar med behov for særskilt norskopplæring er ein innarbeida framgangsmåte der det blir vurdert om eleven også har behov for morsmålsopplæring og tospråkleg fagopplæring
- har ikkje ein rutine som sørgjer for at elevar med vedtak om særskilt språkopplæring får kartlagt sine norskerdigheiter undervegs i opplæringa.

Del 2

6 Skulebasert vurdering

6.1 Rettslege krav

Nedanfor har vi oppgitt og utdjupa dei rettslege krava for tilsynet med skulebasert vurdering. Alle dei rettslege krava byggjer på forskrift til opplæringslova § 2-1.

Skulen skal velje tema for den skulebaserte vurderinga basert på ei brei og samla vurdering av om elevane når måla i læreplanverket (LK06).

Skulen skal jamleg vurdere i kva grad organisering, tilrettelegging og gjennomføring av opplæringa bidrar til å nå måla i Læreplanverket for Kunnskapsløftet (LK06), jf. forskrift til opplæringslova § 2-1. I vurderinga må derfor skulen samanhalde resultatet av opplæringa med dei mål og prinsipp som er formulert i læreplanverket. Denne vurderinga skal alltid, direkte eller indirekte, sikte mot å fremje elevane si utvikling og utbytte av læringa.

Som første del av å gjennomføre ei skulebasert vurdering, må skulen etablere eit kunnskapsgrunnlag som reflekterer breidde av mål i læreplanverket. Kunnskapsgrunnlaget må byggje på kjelder som gir resultat frå faglege mål, og frå mål som omfattar elevane sin trivsel og utvikling på andre områder enn dei faglege. I tillegg til eigne kjelder har skulane tilgang til fleire nasjonale kjelder i Skuleporten, til dømes Elevundersøkinga.

Når skulen har fått eit breitt kunnskapsgrunnlag, må dei bruke dette til å gjere ei samla vurdering av i kva grad elevane når måla for opplæringa på ulike område. Dette skal gi skulen eit grunnlag til å reflektere og analysere heilskapleg i kor stor grad elevane på skulen har nådd måla i læreplanverket.

Basert på denne refleksjonen må skulen velje tema for den skulebaserte vurderinga. Skulen skal sjå på område kor dei vurderer at endringar i organisering, tilrettelegging og gjennomføring av opplæringa, kan fremje elevane si utvikling og utbytte av opplæringa. Det vil seie endringar som kan auke elevane si måloppnåing. Val av tema må over tid ivareta breidda av mål for opplæringa.

Skulen skal vurdere om endringar i organisering, tilrettelegging og gjennomføring av opplæringa kan bidra til auka måloppnåing hos elevane i det valde temaet.

Den skulebaserte vurderinga skal identifisere kva endringar som best kan auke måloppnåing for elevane innanfor det skulen har valt å sjå på i vurderinga. Måloppnåinga siktar her til alle måla i læreplanverket som inngår i det valde temaet, og ikkje berre faglege mål.

I kravet ligg det at skulen må vurdere endringar innanfor ulike rammer for opplæringa, og i utgangspunktet ikkje berre velje å sjå på ein type tiltak. Endringar skulen kan vurdere er nye tiltak som for eksempel oppstart av eit utviklingsarbeid. Skulen kan også vurdere om vidareføring av det som skulen alt gjer, er det beste. Skulen må vurdere endringane på systemnivå for heile skulen, sjølv om konsekvensane av endringane i nokre tilfelle primært vil vise seg for enkelte klassar eller for enkelte fag.

Skulen skal følge opp dei endringane som dei eventuelt kom fram til i den skulebaserte vurderinga.

Føremålet med den skulebaserte vurderinga er å sørge for at skulen lærer og utviklar seg slik at elevane i enda større grad kan nå breidda av mål i læreplanverket. Når skulen gjennom vurderinga avdekkjer forbetningsområde, må skulen følgje opp dette vidare. Endringane kan både vere at skulen set i verk nye einskilde tiltak, eller at dei startar eit utviklingsarbeid. Skulen kan også kome fram til at dei berre vil oppretthalde og eventuelt forsterke det dei allereie gjer. I nokre tilfelle kan aktuelle endringar eller tiltak vere slik at det er nødvendig med en dialog med skuleeigar, før tiltaka eventuelt blir sett i verk.

Skulen skal ha ei brei og representativ medverknad i arbeidet med skulebasert vurdering.

I ordet «skulebasert» ligg det at vurderinga må involvere alle involverte partar på skulen, både i analysen og i arbeidet med endringar og tiltak på bakgrunn av analysen. Gjennom vurderinga blir personalet bevisstgjort om samanhengen mellom korleis opplæringa blir gjennomført og i kva grad elevane når måla. Lærarane vil også vere sentrale i å gjennomføre dei fleste endringstiltaka. Å involvere lærarane er derfor viktig for at eventuelle tiltak skal lykkast. Skulen vurderer kven som skal delta ut frå aktuelt tema. Å involvere elevane er aktuelt i mange tema.

Skulen skal gjennomføre skulebasert vurdering jamleg.

Den skulebaserte vurderinga må utførast i samsvar med forutsetninga, jf. dei føregåande krava til gjennomføringa av vurderinga. Skulen skal gjennomføre skulebasert vurdering jamleg, jf. forskrift til opplæringslova § 2-1. I utgangspunktet bør vurderinga gjennomførast årleg, men tidsbruk må vurderast opp mot det forsvarlege og ut frå eit lokalt skjønn.

6.2 Våre observasjonar

Grunnlaget for våre vurderingar byggjer på dei innsendte dokumenta «Handlingsplan for Finnøy sentralskule skuleåret 2017/2018», «Plan for bruk av bunden tid og planleggingsdagar våren 2018», «Årshjul 2017-2018», «Utviklingsmål for 7. kl. 2017/18», «Plan for vurdering for læring», «Plan for kartlegging og oppfølging ved Finnøy sentralskule», «Innspel til årsmeldinga for oppvekst i Finnøy 2017», «Innspel til tilstandsrapporten 2017», svar i ReFlex, intervju, «Merknader til førebels tilsynsrapport», «resultat egenvurdering Ståstedsanalysen 2013/2014», «Program for planleggingsdagen 7. april 2015», «Medarbeidersamtale hjulet», «Referat frå møte i plangruppa 19/5», «Finnøy sentralskule – Plan for arbeid med vurdering for læring (VFL) 2015 -2016», «Plan for modul 1», og «Plan for modul 2»

6.3 Våre vurderingar og konklusjonar

Målet med skulebasert vurdering er å sikre at opplæringa medverkar til å nå dei måla som er fastsette i Læreplanverket for Kunnskapsløftet. Den skulebaserte vurderinga er derfor eit viktig grunnlag i skuleeigar sin årlege rapport om tilstanden i skulen. I tillegg er skulebasert

vurdering verktøyet i prosessen for kvalitetsutvikling i skulen. Målet er alltid auka læringsutbytte og betre læringsmiljø for skulen sine elevar.

Skulen skal vere ein lærande organisasjon. For å få til gode prosessar må skulen ta utgangspunkt i sine eigne utfordringar, sitt eige utviklingspotensial og utvikle praksis saman. Eit godt kvalitetsarbeid i skulen inneber kollektiv profesjonsutvikling. Når alle utviklar sin pedagogiske praksis i lag, lokalt på sin skule, får vi skulebasert kompetanseutvikling.

Skulebasert vurdering inneheld viktige element som må ivaretakast for å sikre at eit utviklingsarbeid faktisk endrar skulen sin pedagogiske praksis i heile kollegiet. Finnøy sentralskule har i fleire år valt *Vurdering for læring* som satsingsområde for kvalitetsutvikling.

Tilsynet kan ikkje finne det dokumentert at rektor har eit breitt kunnskapsgrunnlag om elevane sitt utbytte av opplæringa som grunnlag for val av tema i den skulebaserte vurderinga. Rektor har vist til resultat i elevundersøkinga som grunnlag for satsinga på *Vurdering for læring*. Avgjersla om å ha dette som satsing, blei tatt etter ei drøfting med tillitsvalt. Rektor meinte at *Vurdering for læring* også var eit meldt behov frå lærarane, utan at det er dokumentert at lærarane tok del i ein prosess med analyse, refleksjon og drøfting som grunnlag for temavalet. Med bakgrunn i dokumentasjon og intervju er det vår vurdering at Finnøy sentralskule ikkje sikrar ei brei og representativ medverknad i arbeidet med skulebasert vurdering.

I forskrift til opplæringslov er det presisert at elevane også skal involverast i denne vurderinga. Tilsynet finn ikkje at slik elevmedverknad er dokumentert.

Hausten 2018 skal skulen arbeide med sosial kompetanse som utviklingsområde. Fylkesmannen er usikker på grunnlaget for val av dette tema. For å få eit breitt kunnskapsgrunnlag for val av tema skal rektor basere seg på fleire kjelder. Eksempel på datakjelder, i tillegg til tal frå elevundersøkinga, er tal frå foreldreundersøking, tal frå Ungdata, egne undersøkingar eller intervju med elevar og tilsette, observasjonar i undervisning og friminutt, skulevandring, resultat frå Spekterundersøkinga, tal frå nasjonale prøver, nasjonale kartleggingsprøver, grunnskulepoeng, tal på fråfall i vidaregåande skule, ein rapport/vurdering frå PP-tenesta, anna ekstern skolevurdering, kunnskapsgrunnlaget i NOU 2014:7 *Elevens læring i fremtidens skole*, Meld.St.28 *Fag – Fordypning - Forståelse*, vist til generell del av læreplanen, nyare forskning på sosial kompetanse og betydning for læring og utvikling, mv.

I tillegg burde rektor satt saman eit utval av spørsmål i Ståstadsanalysen som grunnlag for skulen sin eigenvurdering. Ei slik kartlegging ville gitt eit bilete på her-og-nå-situasjonen om lærarane si vurdering av eigen praksis når det gjeld å fremje eit læringsmiljø som utviklar elevane sin sosiale kompetanse.

Fylkesmannen finn ikkje at rektor har gjort ei samla vurdering av om satsinga på sosial kompetanse vil auka elevane sitt læringsutbytte eller betre læringsmiljøet. For å sikre reell skuleutvikling med betre læring og læringsmiljø for elevane, må alle på skulen endre deira undervisningspraksis. Ein lærande organisasjon er kjenneteikna av at alle i heile organisasjonen endrar seg saman. I starten av ein utviklingsprosess er det derfor avgjerande at rektor sett av god tid til arbeid med å analysere nåsituasjonen, slik at personalet i fellesskap eies om:

- Korleis er Finnøy sentralskule sin praksis og resultat nå?
- Kvifor er endringa nødvendig?
- Korleis er ein ønska situasjon forskjellig frå nåsituasjonen.

Fylkesmannen kan ikkje sjå at rektor har dokumentert at skulen reflekterer og analyserer heilskapleg om i kor stor grad elevane på skulen har nådd måla i læreplanverket som eit grunnlag for val av sosial kompetanse som satsingsområde, eller kva som er grunnlaget for å avslutte satsinga på *Vurdering for læring*.

Skulen skal vurdere om endringar i organisering, tilrettelegging og gjennomføring av opplæringa kan bidra til auka måloppnåing hos elevane i det valde temaet. For gjere dette må utviklingsarbeidet ta utgangspunkt i ei analyse av skulen sin praksis før ei satsing startar opp. Skulen må også utarbeide ein plan for implementering av ny kunnskap og nye arbeidsmåtar. Planen skal sikre at dei involverte forstår innhaldet, er motivert for, og forpliktar seg til prosjektet. Sentrale element i eit vellukka utviklingsarbeid i skulen er implementering av kjerneelementa i satsinga og evaluering av arbeidet i heile prosessen. Finnøy sentralskule kan ikkje dokumentera at det er gjennomført evaluering av om personalet undervegs har gjort endringar i tråd med innhaldet i satsinga. Dokumentasjonen i tilsynet har avdekket at personalet tok initiativ til at noverande satsing måtte fortsette våren 2018 fordi dei mente at ny praksis ikkje var implementert.

Planen for vurdering for læring, Finnøy sentralskule 2018 viser at skulen nå har ein plan for det valte satsingsområdet. Rektor viser til at personalet skal gjennomføre Ståstadsanalysen våren 2018. På grunnlag av resultatata der kan skulen velje å følgje opp forslag til endring i organisering, tilrettelegging og gjennomføring av opplæringa i skulen sin vurderingspraksis.

Fylkesmannen finn ingen rutine eller praksis der rektor viser at ho sikrar at dei tilsette tek i bruk ny praksis. Skolevandring, leiinga sin observasjon av skulen sin pedagogiske praksis, er døme ein måte for å sikre rektor slik informasjon. Vi finn ikkje at rektor har rutinar for å sikre at læringsutbytte og organisering, tilrettelegging og gjennomføring av opplæringa blir diskutert på trinnmøter.

Skulebasert vurdering skal gjennomførast med jamne mellomrom. Det er vår vurdering at Finnøy sentralskule ikkje jamleg gjennomfører ein skulebasert vurdering som er i tråd med lovverket.

For å sikre at skulane driv kvalitetsutvikling har skuleeigar rutinar som tydeleg viser at skulen sine resultat er utgangspunkt for drøfting og refleksjon. Det er vår vurdering at skuleeigar ikkje har ein slik styringsdialog med Finnøy sentralskule.

6.4 Fylkesmannen si vurdering av kommentarar frå Finnøy kommune

Finnøy kommune har i merknader til førebels tilsynsrapport argumentert for at skuleeigar har styringsdialog med Finnøy sentralskule. Kommunalsjefen viser til at styringsdialogen er formelle rektormøte ein gong i månaden, uformell dialog kvar veke, formell medarbeidarsamtale, innspel til kommunen sin årlege tilstandsrapport og innspel til årsmeldinga. Finnøy kommune har dokumentert innhald og referat frå rektormøta, men vi har ikkje mottatt referat frå andre møter. Vi har heller ikkje mottatt tilstandsrapporten.

Ein styringsdialog er ofte eit møte på kvar skule der temaet er status for skulen sitt arbeid. Med bakgrunn i fakta og ei analyse og vurdering av denne informasjonen, er styringsdialogen ei drøfting av skulen sitt utfordringsbilette/forbetringsområde. I styringsdialogen skal deltakarane konkludere og prioritere utviklingsområde for skulen. Fleire kommunar praktiserer styringsdialogen som eit møte med brei medverknad. På møtet deltar ofte representantar frå elevane, føresette, tilsette, skulen si leiing, politikarar og representantar frå kommunen sin administrasjon.

Fylkesmannen har vurdert merknadane og innsendt dokumentasjon frå Finnøy kommune. Innkalling og referat frå leiarmøtene/rektormøtene viser at skuleeigar tek opp aktuelle tema som er knytte til læreplanen. I tillegg er kvalitetsutvikling i skulane og skulane sine resultat frå nasjonale prøver og Elevundersøkinga, jamleg sett på dagsorden.

Fylkesmannen er framleis usikker på i kor stor grad skuleeigar har rutinar som sikrar grundig drøfting og refleksjon. Målet med både Skulebasert vurdering og styringsdialog er å prioritere og konkludere med bakgrunn i ein analyse av fakta. I referatet frå rektormøtet 4. oktober 2017 står det; *VFL – status- kva no? Det har vore vanskeleg å finne tid til å jobbe med utviklingsarbeidet VFL, det er så mange ting som skal inn i fellestida på skulen. Nytt satsingsområde? Kanskje språkløyper? Samtale rundt tema. Skulane er ferdige med Vurdering for læring til jul 2017.* På bakgrunn av denne statusrunden burde skuleeigar initiert ei grundig drøfting og refleksjon om prosjektet VFL. Ved hjelp av ei grundig analyse kunne skuleeigar avdekka at satsinga i perioden 2015-2017 ikkje i tilstrekkeleg grad har endra praksis på Finnøy sentralskule.

Dersom skuleeigar hadde hatt eit forsvarleg system, burde kommunen ha avdekka at Finnøy sentralskule si opplæring ikkje er i tråd med regelverket, slik Fylkesmannen har funne i dette tilsynet. Det er derfor vår konklusjon at skuleeigar har ein dialog med Finnøy sentralskule, men at rutinen ikkje er tilstrekkeleg forsvarleg for å vurdere og følgje opp at krava i opplæringslova og forskrift til opplæringslova blir ivaretatt.

Finnøy kommune meiner i merknader til førebels tilsynsrapport at Finnøy sentralskule sikrar brei og representativ medverknad i den Skulebaserte vurderinga. Fylkesmannen viser til møtereferat frå rektormøte 8. november 2017 her står det, *Utviklingsområde framover. Kva*

treng de av utvikling/ending på din skule? Kva er viktig for barn og unge for framtida? FISK vil jobbe med visjon, verdiar på skulen, verdigrunnlaget, startar etter nyttår. Sjå dette opp mot overordna del i kunnskapsløftet. Vil bruke foreldregrupper og elevrådet som medverkande i prosjektet. Bente har laga ei gruppe som skal leie utviklingsarbeidet, leiar, inspektørar, SFO leiar, ATV og sosiallærer/rådgjevar. Tidsaspekt, kven og korleis, er med? Dette skal dei ta vidare og planleggje. Vil prøve skulevandring på FISK, Anja skal begynne. Rettleiing etter oppsett modell.

Det er Fylkesmannen si vurdering at desse tankane om korleis Finnøy sentralskule skal arbeide med nytt utviklingsområde, kan sikre ei brei og representativ medverknad i utviklingsprosjektet; visjon, verdiar og sosial kompetanse. Likevel er det Fylkesmannen si vurdering at Finnøy kommune ikkje tilstrekkeleg har dokumentert at Finnøy sentralskule sikrar brei og representativ medverknad i arbeidet med skulebasert vurdering. Dette fordi vi ikkje finn det dokumentert at slik medverknad blei involvert i utviklingsprosjektet Vurdering for læring.

Fylkesmannen viser til dokumentet *Finnøy sentralskule – Plan for arbeid med vurdering for læring (VFL) 2015 – 2016*. I innleiinga står det at leiinga saman med plangruppa, såg behovet for å satse på Vurdering for læring. Dersom skulen hadde brei medverknad både frå lærarar, elevar og føresette slik Finnøy kommune viser til i sine merknader, burde dette vore vist til her. I intervjuet var det usemje om det var ei brei og representativ medverknad i arbeidet med å velje Vurdering for læring som område for utvikling. Vår konklusjon er derfor at Finnøy sentralskule ikkje sikrar brei og representativ medverknad i den Skulebaserte vurderinga.

Planen for VFL 2015-2016 har overskriftene formål, innleiing, plan for modulararbeidet, forventningar og rolleavklaringar. Dette er nyttige område å belyse i ein utviklingsplan. Det er likevel Fylkesmannen si vurdering at planen manglar hovudemna i Skulebasert vurdering slik den er formulert i lovkrava.

Planen manglar:

- eit kunnskapsgrunnlag
- den manglar ei brei og samla vurdering av resultatane for elevane ved Finnøy sentralskule sett i lys av temaet
- den manglar vurdering av endingar i organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa i lys av utfordringsbiletet for skulen
- den manglar drøfting av korleis endingar i praksis skal vurderast og evaluerast og følgjast opp undervegs

Ei analyse og vurdering av her-og-nå situasjonen med utgangspunkt i resultat frå eksempelvis Elevundersøkinga, Ståstadsanalysen, drøfting med personalet, elevråd og FAU/SU, kunne gitt satsinga meir målretta retning. Eksempelvis viste Ståstadsanalysen i 2013/14 klare område for forbetring av praksis. Systematiske tilbakemeldingar og elevinvolvering var forbetningsområde lærarane peika på allereie då. På desse områda varslar Fylkesmannen nå pålegg.

Når og korleis evalueringa skal skje bør også skisserast i en utviklingsplan. Planen *Finnøy sentralskule – Plan for arbeid med vurdering for læring (VFL) 2015 – 2016* er ikkje evaluert og justert jamleg. Den er ikkje oppdatert for skuleåra 2016/17 og 2017/18. Planen har ein sluttkommentar frå rektor datert 18/6-18.

Skulebasert vurdering skal alltid, direkte eller indirekte, sikte mot å fremje elevane si utvikling og utbytte av opplæringa. Skulebasert vurdering skal føre til endring av praksis. Når Fylkesmannen har avdekket lovbrøt på området *Skulen sitt arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa*, kjerneelementet innan Vurdering for læring, er det Fylkesmannen si vurdering at satsinga ikkje er tilstrekkeleg implementert på Finnøy sentralskule. Føremålet med Skulebasert vurdering kan derfor ikkje vurderast som tilstrekkeleg ivaretatt. Når føremålet ikkje er ivaretatt kan vi ikkje konkludere med at Finnøy sentralskule si Skulebaserte vurdering er i samsvar med forutsetninga i lovkrava.

Vår konklusjon

Finnøy sentralskule

- etablerer ikkje eit kunnskapsgrunnlag som reflekterer breidda av mål i læreplanverket
- gjennomfører ikkje ei brei og samla vurdering av om elevane når måla i læreplanverket
- ikkje vel tema for den skulebaserte vurderinga basert på ei brei og samla vurdering av om elevane når måla i læreplanverket (LK06)
- ikkje vurderer om endringar i organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa kan bidra til auka måloppnåing hos elevane i det valde temaet
- ikkje følgjer opp dei endringane som kjem fram i den skulebaserte vurderinga
- ikkje har ein brei og representativ medverknad i arbeidet med skulebasert vurdering
- ikkje gjennomfører skulebasert vurdering jamleg

7. Frist for retting av brot på regelverket

Fylkesmannen har i kapitla 2 til og med 6 konstatert brot på regelverket. I denne rapporten får Finnøy kommune frist til å rette brot på regelverket, jf. kommunelova § 60 d.

Frist for retting er 30.11.2018. Kommunen må innan denne datoen sende Fylkesmannen ei erklæring om at brotet på regelverket er retta, og ei utgreiing om korleis brotet er retta.

Dersom brot på regelverket ikkje er retta innan den fastsette fristen, vil Fylkesmannen vedta pålegg om retting. Eit eventuelt pålegg om retting vil ha status som enkeltvedtak og kan klagast på, jf. forvaltningslova kapittel VI.

Følgjande pålegg er aktuelle å vedta etter utløpet av rettefristen i denne rapporten:

Del 1 – skolen sitt arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa

Skulen sitt arbeid med opplæring i fag

1. Finnøy kommune må syte for at det lokale arbeidet med læreplanar ved Finnøy sentralskule skule oppfyller krava til opplæringslova §§ 2-3, jf. forskrift til opplæringslova §§ 1-1, 3-1 og 3-2.

Finnøy kommune må i samband med dette sjå til at:

- a. Rektor sikrar at undervisningspersonalet knyter innhaldet i opplæringa til kompetansemål i det enkelte faget.
 - b. Rektor sikrar at undervisningspersonalet tek vare på elevens rett til å kjenne til
 - mål for opplæringa
 - kva som blir vektlagt i vurderinga av kompetanse
 - c. Rektor sikrar at opplæringa samla dekkjer
 - alle kompetansemåla på hovudtrinnet / i faget
 - individuelle opplæringsmål i IOP
2. Finnøy kommune må syte for at arbeidet med individuelle opplæringsplanar ved Finnøy sentralskule skule er i samsvar med opplæringslova §§ 5-1 og 5-5.

Finnøy kommune må i samband med dette sjå til at:

- a. Innhaldet i IOP samsvarer med enkeltvedtaket når det gjeld innhaldet i opplæringa, medrekna når det er gjort avvik frå LK06.

Undervegsvurdering for å auke eleven sitt læringsutbytte

3. Finnøy kommune må syte for at den individuelle undervegsvurderinga ved Finnøy sentralskule skule medverkar til at elevane får realisert sine moglegheiter til å nå måla for opplæringa, jf. opplæringslova § 5-5 og forskrift til opplæringslova §§ 3-1, 3-2, 3-11, 3-12 og 3-13.

Finnøy kommune må i samband med dette sjå til at:

- a. Lærarane rettleier elevane om kva for kompetansemål frå LK06 / mål i IOP som opplæringa er knytt til.
- b. Lærarane rettleier elevane i kva det blir lagt vekt på i vurderinga i det enkelte faget.
- c. Lærarane gjev elevane tilbakemeldingar på kva dei meistrar i faga.
- d. Lærarane rettleier elevane om kva dei må gjere for å auke kompetanse sin i det enkelte faget.
- e. Lærarane syter for å involvere elevane i vurderinga av eige læringsarbeid.

- f. Elevane frå og med 8. årstrinn får halvårsvurderinga utan karakter
 - midt i opplæringsperioden i alle fag
 - på slutten av opplæringsåret i fag som ikkje er avslutta
- g. Skulen har ein innarbeidd framgangsmåte som sikrar at lærarane i halvårsvurderinga
 - gjev informasjon om eleven sin kompetanse i faga
 - gjev rettleiing om korleis eleven kan auke kompetansen sin
- h. Skulen har ein innarbeidd framgangsmåte som sikrar at årsrapporten inneheld ei vurdering av utviklinga til eleven ut frå måla i IOP-en.

Undervegsvurdering som grunnlag for tilpassa opplæring og spesialundervisning

- 4. Finnøy kommune må syte for at Finnøy sentralskule skule sikrar at utbyttet av opplæringa for den enkelte eleven blir systematisk vurdert og følgt opp, jf. opplæringslova §§ 1-3, 5-1, 5-4 og 5-5 og forskrift til opplæringslova § 3-11.

Finnøy kommune må i samband med dette sjå til at:

- a. Skulen har ein innarbeidd framgangsmåte for å sikre at det for elevar som ikkje får tilfredsstillande utbytte av opplæringa, blir gjennomført vurdering av
 - arbeidsmåtar
 - vurderingspraksis
 - læringsmiljøet
- b. Skulen gjennomfører tiltak i dei tilfella der det blir avdekt at elevane ikkje har tilfredsstillande utbytte av opplæringa.

Vurdering av behov for særskild språkopplæring

- 5. Finnøy kommune må syte for at Finnøy sentralskule skule sikrar at elevar som ikkje har norsk eller samisk som morsmål, får vurdert sitt behov for særskild språkopplæring, jf. opplæringslova § 2-8 eller 3-12.

Finnøy kommune må i samband med dette sjå til at:

- a. Skulen har ein innarbeidd framgangsmåte for å kartleggje elevane sine ferdigheiter i norsk.
- b. Skulen har ein innarbeidd framgangsmåte som sikrar at det blir vurdert om eleven òg har behov for morsmålsopplæring og tospråkleg fagopplæring når eleven har behov for særskild norskopplæring.
- c. Norskferdigheitene til elevar med vedtak om særskild språkopplæring blir kartlagde undervegs i opplæringa.

Del 2 – skulebasert vurdering

1. Finnøy kommune må syte for at Finnøy sentralskule jamleg vurderer i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å nå dei måla som er fastsette i Læreplanverket for Kunnskapsløftet, jf. forskrift til opplæringslova § 2-1.

Finnøy kommune må i samband med dette sjå til at:

- a. Skolen vel tema i den skulebaserte vurderinga basert på ei brei og samla vurdering av om elevane når måla i læreplanverket.
- b. Skolen vurderer om endringar i organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa kan bidra til auka måloppnåing hos elevane i det valde temaet.
- c. Skolen følgjer opp dei endringane som dei kom fram til i den skulebaserte vurderinga.
- d. Det er brei og representativ medverknad i arbeidet med skulebasert vurdering.
- e. Skolen gjennomfører skulebasert vurdering jamleg.

De har rett til innsyn i saksdokumenta, jf. forvaltningslova § 18.

Una Bjørnseth Haugen
tilsynsleiar

Randi Bjørkås
rådgivar

Hilde Folkvord Juul
rådgivar

Vedlegg: Liste over dokumentasjon

- Eigenvurderingar i ReFlex frå rektor og lærarar i norsk, samfunnsfag og naturfag
- Informasjon frå intervju
- Plan for bruk av bunden tid og planleggingsdagar våren 2018
- Handlingsplan for Finnøy sentralskule
- Plan for Vurdering for læring
- Lokal læreplan i fleire fag
- Døme på kjenneteikn på måloppnåing
- Døme på undervisningstema
- Døme på vekeplanar
- Mal for elevsamtalar på ungdomstrinnet
- Mal for foreldre- og elevsamtalar
- 2 vedtak om særskilt språkopplæring – Tildeling av timar
- Rutinar for mottak av framandspråklege elevar
- Kartleggingsrapport 1. og 2.trinn
- 3 elevsaker med sakkunnige vurderingar, enkeltvedtak, IOP, årsrapport
- Plan for kartlegging og oppfølging v/Finnøy sentralskule
- Mål og tiltaksplan for 2 elevar
- Årshjul 2017-2018
- Utviklingsmål for 7. kl. 2017/18
- Innspel til årsmeldinga for oppvekst i Finnøy i 2017
- Innspel til tilstandsrapporten 2017
- Merknader til førebels tilsynsrapport
- Resultat eigenvurdering Ståstedsanalysen 2013/2014
- Program for planleggingsdagen 7. april 2015
- Medarbeidersamtale hjulet
- Referat frå møte i plangruppa 19/5
- Finnøy sentralskule – Plan for arbeid med vurdering for læring (VFL) 2015 -2016
- Plan for modul 1
- Plan for modul 2

Det ble gjennomført stedlig tilsyn 10. og 11.04.2018.

Det ble avholdt intervju med:

- Rektor og to inspektører om elevane sitt utbytte av opplæringa og skulebasert vurdering
- Rektor og to inspektører som ansvarleg for tilbod tilbud om spesialundervisning
- Faglærer i naturfag
- Faglærer i norsk
- Faglærer i samfunnsfag
- Elevar med spesialundervisning
- 2 elevgrupper med ordinært opplæringstilbud